

## **Realitetar om esperanto**

NEL-seminar, 19.–20. juni 2004, Jardar Eggesbø Abrahamsen

Ikkje bruk oppslagsverk eller andre hjelpemiddel! Dersom me sparer inn tid på eitt spørsmål, kan me bruka tilsvarande mykje meir tid på eit anna spørsmål. Til saman skal me bruka maksimalt 3 timer på øvinga før me koplar oss saman telefonisk (i tidsrettleiringane under er det teke siktet på 2 timer og 40 minutt i samla tidsbruk før telefonkonferansen).

Gå fram slik:

- a. Les spørsmål nr. 1.
- b. Kvar person får to minutt til *på eiga hand* å skriva ned stikkord som svar til spørsmål 1.
- c. Me legg fram stikkorda i plenum i vår lokale klubb. Alle skal etter tur seja det som dei har skrive eller tenkt, same kor mykje eller lite det er! Og hugs, det er heilt OK om svara sprikjer, for her er det ikkje fasiten me er ute etter, men kva folk meiner å ha høyrt eller lese. Ingen skal snakka i meir enn eitt minutt samanhengande før ordet *skal* gå vidare til den neste.
- d. Når alle har sagt sitt (ikkje før!), skal me diskutera det som me eventuelt er usamde om, eller om me har høyrt ulike ting. Me kan diskutera så lenge at me til saman har brukt *maksimalt 20 minutt på punkt a–d til saman*.
- e. Gå vidare, og gjentak prosessen med punkt b, c og d for alle spørsmåla.
- f. Nokon må skriva ned ei oppsummering av det som kjem fram for kvart spørsmål i del c og d.
- g. Til slutt samlast me ved telefonen, og kvar klubb legg fram det som dei har kome fram til ved kvart spørsmål. Når alle klubbanne har oppsummert spørsmål 1, seier Jardar nokre ord om spørsmål 1, og sameleis etter dei andre spørsmåla.

### **Spørsmåla:**

1. Kva kan du fortelja folk om Lev Tolstoj og esperanto? Korleis veit du at det er sant?
2. Kva kan du fortelja folk om Umberto Eco og esperanto? Korleis veit du at det er sant?
3. Kva kan du fortelja folk om Albert Einstein og esperanto? Korleis veit du at det er sant? (OK, her skal du få lov til å kika i *Malšlosilo*, om du vil.)
4. Kva tyder den grøne stjerna, kven fann henne opp, og korleis veit du dette?
5. Kva kan du fortelja folk om esperantos propedeutiske (lærings-førebuande) verdi? Korleis veit du det som du fortel?
6. Kor mange reglar har esperanto? Korleis veit du at det er sant?
7. Kva kan du fortelja folk om kor lett esperanto er å uttala for alle på jorda? Og kva kan du fortelja om forholdet mellom skrift og uttale i esperanto? Korleis veit du at dette er sant?
8. Til slutt skal du få døme på tre ulike kasussystem. Oppgåva er å koma fram til kva for eit språksystem som er mest komplisert, og kva for eit som er mest lettlært/logisk. Grunngje svaret! Esperanto, norsk, tysk og mange andre europeiske språk høyrer til type A. Til type B høyrer m.a. georgisk, baskisk og mange australske og amerikanske språk. Til type C høyrer m.a. ein del amerikanske språk (t.d. dakota og guaraní) og Lhasa-tibetansk. For ordens skull fører eg opp døma på både norsk og esperanto.

A

Eg ser deg, du ser meg.  
Eg spring.  
Eg glid (hjelp!).  
Eg glid (med skeiser).

Mi vidas min, vi vidas min.  
Mi kuras.  
Mi glitas (helpu!).  
Mi glitas (per glitșuoj).

B

Eg ser deg, du ser meg.  
Meg spring.  
Meg glid (hjelp!).  
Meg glid (med skeiser).

Mi vidas vin, vi vidas min.  
Min kuras.  
Min glitas (helpu!).  
Min glitas (per glitșuoj).

C

Eg ser deg, du ser meg.  
Eg spring.  
Meg glid (hjelp!).  
Eg glid (med skeiser).

Mi vidas vin, vi vidas min.  
Mi kuras.  
Min glitas (helpu!).  
Mi glitas (per glitșuoj).